



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
30.10.2017  
Dykkar dato  
04.10.2017

Vår referanse  
2017/12752 421.3  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### **Uttale til dispensasjon til arealoverføring - Lindås – gnr. 145 bnr. 4 - Fosse indre**

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.10.2017.

Saka gjeld søknad om dispensasjon for arealoverføring av 361 m<sup>2</sup> frå gnr. 145 bnr. 4 til gnr. 145 bnr. 25, som skal nyttast til etablering av tilkomstveg. Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen.

#### **Fylkesmannen si vurdering**

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Fylkesmannen viser til at det omsøkte område er fulldyrka mark i følgje registrering i NIBIO. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg, og Fylkesmannen er i utgangspunktet kritisk til slik omdisponering.

Fylkesmannen har forståing for at søkjar ynskjer å betre tilkomsten til eigen eigedom og bustad, men det omsøkte området verkar unødig stort for å få til dette. Vi meiner det bør vere mogleg å få til ein tenleg tilkomst til bustaden utan å omdisponera så mykje fulldyrka jord. Store deler av eigedom gnr. 145 bnr. 25 er til dømes også registrert som fulldyrka mark, og om det er mogleg å få til eit tenleg makebytte kan det etter vårt syn vere ei god løysing.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til arealoverføring slik søknaden no ligg føre.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brække Hellesø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*